



Blom Fiskeoppdrett AS
Ulvøy
5337 RONG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/628 - 14/12518

Saksbehandlar:
Anne-Lise Næs Olsen
Anne-LiseNaes.Olsen@meland.kommune.no

Dato:
02.10.2014

Omgjering av vedtak - dispensasjon frå kommuneplanens arealdel i sjø - Laksevika - Blom Fiskeoppdrett

Administrativt vedtak. Saknr: 239/2014

Saksopplysnigar:

Søklar: Blom Fiskeoppdrett AS

Klagar: Staten v/Forsvarsdepartementet v/Forsvarsbygg

Klagen er motteken 04.07.2014.

Bakgrunn:

Meland kommune mottok 04.11.2013 søknad om dispensasjon frå Blom Fiskeoppdrett for bruk av areal i sjø ved Laksevika. Kommunen godkjente 13.02.2014 søknaden i delegert saknr. 12/2014, og vedtaket lyder som følgjer:

*"Meland kommune godkjenner med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 og 11-6 søknad om dispensasjon gjeldande bruk av areal i sjø ved oppdrettslokalitet 10080 Laksevika med følgjande vilkår:
- Plassering av anlegg skal gjerast som vist i mottekne søknad (vedlegg 2)
- Frist for gjennomføring er 3 år, dersom tiltaket ikkje er satt i gang fell løyvet bort
For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor."*

Dette vedtaket er deretter påklaga av Advokatene i Forsvarsbygg, på vegne av Staten v/Forsvarsdepartementet v/Forsvarsbygg, og klagen er motteken av Meland kommune 04.07.2014.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinno: www.nordhordlandskart.no

Klagen har vore sendt til søkjar for uttale, og kommunen mottok 07.08.2014 uttale frå Advokat firma Ahlgenkreutz AS, på vegne av Blom Fiskeoppdrett AS

Klagen er ikkje sendt til kommunen innan klagefristen, men klagar vart heller ikkje gjort kjend med vedtaket før klagefristen var ute. Kommunen lyt vurdere om klagar har rettsleg klageinteresse i saka, og om klagen skal avvisast eller om klagen skal realitetsbehandlast.

Under er klage og uttale referert, og kommunen si vurdering følgjer.

Klage frå Advokatene i Forsvarsbygg:

Klagar meiner at vedtaket til kommunen er gjort på feil grunnlag og ber om at vedtaket vert oppheva og kjent ugyldig. Klagar meiner dei har rettsleg klageinteresse, og peikar på at dei ikkje har vore kjent med Meland kommune si saksbehandling, samt vedtak, før dei nyleg gjennom Kystverket vart gjort kjent med vedtaket.

Klagar skriv at tiltaket er i strid med Forsvaret sin aktivitet i området ved at produksjonskapasiteten av oppdrettsanlegget er planlagt fordobla, at deler av området ligg i ein militær forbudssone for Sjøforsvaret, og at dette ikkje er vurdert i dispensasjonssaka. Klagar meiner at vilkåra for dispensasjon ikkje er til stades jf. pbl kap. 1 og § 19-2, og peikar på at dispensasjonssøknaden ikkje har vore sendt til Kystverket for uttale, og konkluderer med at denne saksbehandlingsfeilen medfører at vedtaket er ein nullitet og må kjennast ugyldig jf. Forvaltningslova.

Klagar meiner i tillegg at dei skal tilkjennast omkostningar for saka på kr. 6.360,-.

Uttale frå Advokatfirma Ahlgenkreutz AS:

Advokatfirma Ahlgenkreutz AS skriv at klagen inneheld ein del feil, og at vedtakskompetanse til å tildele drift av oppdrettsanlegg m.a. er lagt til fylkeskommunen. Dei skriv vidare at det ikkje er Meland kommunen som gjev løyve til utviding av drifta. Advokatfirma Ahlgenkreutz AS meiner at Forsvarsbygg sine interesser er ivartatt i høve søknad frå Blom Fiskeoppdrett om endring av tildeling.

Advokatfirma Ahlgenkreutz AS påpeikar at klagar ikkje var part i dispensasjonssaka og såleis ikkje fekk tilsendt vedtaket. Dei meiner likevel at klagefristen ikkje er overhalden og at det ikkje ligg føre grunnlag for å utvide klagefristen. Advokatfirma Ahlgenkreutz AS skriv vidare at Forsvarsbygg ikkje har høve til å klage på vegne av Kystverket, og at det er Kystverket som er høyringsinstansen for område i sjø.

Advokatfirma Ahlgenkreutz AS meiner at Forsvarsbygg ikkje har klageinteresse fordi saka ikkje vedkjem deira saksområde, og dei meiner denne endringa gjeld drift av eit oppdrettsanlegg der saksområde er langt til Fylkeskommunen. Advokatfirma Ahlgenkreutz AS meiner Meland kommunen sitt vedtak ikkje har rettsleg eller faktisk betydning for Forsvarsbygg, og at dei ikkje har klagerett.

Advokatfirma Ahlgenkreutz AS skriv at Kystverket og forsvaret sine interesser er fullt ut ivaretatt ved fylkeskommunen sin behandling og meiner at kommunen sitt vedtak ikkje inneheld feil som tilseier at vedtaket er ugyldig. Advokatfirma Ahlgenkreutz AS meiner såleis at kommunen ikkje har heimel til å omgjere vedtaket, og meiner vidare at forskrift om militære forbudsområder ikkje gjev Forsvarsbygg heimel for å hindre utviding av lovleg næringsverksemd. Dei meiner og at straffeansvar i høve til andre lover/forskrifter ikkje er relevant vurderingstema for kommunen.

Advokatfirma Ahlgenkreutz AS meiner at klagen skal avisast av Meland kommune, at det ikkje er grunnlag for omgjerung av vedtaket, og at kommunen skal påleggje Forsvarsbygg å betale kr. 15.000,- pluss mva i saksomkostningar.

Kommunen si vurdering:

Vurdering av klageinteresse/avvising/realitetsbehandling:

Kommunen vil påpeike at det er dispensasjonsvedtaket til Meland kommune det er klaga på, og ikkje Hordaland fylkeskommune si sak om utviding av anlegget, som Advokatfirma Ahlgenkreutz AS ofte refererer til. Dette er ei anna sak.

Kommunen vurderer at klagar har rettsleg klageinteresse etter Forvaltningslova § 28, fordi kommunen sitt vedtak om dispensasjon har påverknad på klagar sine interesser og saksområde, i det tiltaket er i konflikt med Forsvaret sin aktivitet i området. Klagen er ikkje sendt til kommunen innan klagefristen, men klagar vart heller ikkje gjort kjend med vedtaket før klagefristen var ute. Kommunen meiner at det her er gjort ein feil fordi saka ikkje har vore sendt til regionale instansar for uttale før saka vart behandla, jf. Plan- og bygningslova (pbl) § 19-1. På grunn av det så fekk heller ikkje Forsvarsbygg via Kystverket, saka til uttale. Forsvarsbygg vart seinare gjort kjend med kommunen sitt dispensasjonsvedtak via Kystverket og søknad til Hordaland fylkeskommune om utviding av oppdrettsanlegget.

Då klagar eller hans fullmektig ikkje kan lastast for å ha overskrid fristen jf. Forvaltningslova § 31, og då klagar etter kommunen si vurdering har klageinteresse, så vil vi realitetsbehandle klagen.

Vurderinga v sjølve klagen:

Kommunen finn at påklaga dispensasjonsvedtak er gjort på feil grunnlag m.a. fordi dispensasjonssøknaden ikkje har vore sendt til regionale instansar for uttale. Deler av omsøkt område er vidare ein militær forbudssone for Sjøforsvaret og dette er ikkje teke med i vurderinga av dispensasjonssaka.

Denne feilen medfører at saka ikkje er godt nok utgreidd til at ein kan vurdere om vilkåra for dispensasjon er til stades, og behandling av saka er ikkje i samsvar med pbl kap. § 1 jf. pbl § 19-1, eller Forvaltningslova § 37. Kommunen er einig med klagar i at denne feilen medfører at dispensasjonsvedtaket er ugyldig, jf. Forvaltningslova § 41. Dette fordi feilen kan ha virka bestemmande på vedtaket. Kommunen vil difor oppheve delegert vedtak i saknr. 12/2014 av 13.02.2014. Før det kan gjerast nytt vedtak i dispensasjonssaka, så lyt saka sendast regionale instansar for uttale.

Kommunen kan elles ikkje ta stilling til spørsmålet om å dekke omkostningar i saka før det er gjort vedtak i saka, eller før vi veit utfallet av denne.

Kommunen kan difor ikkje her vurdere klagar sin påstand om å tilkjenne omkostningar i saka.

Vedtak

<<Meland kommune opphevar tidlegare delegert vedtak i saknr. 12/2014 av 13.02.2014 då vedtaket er gjort på feil grunnlag. Før det kan gjerast nytt vedtak i dispensasjonssaka, så lyt saka sendast regionale instansar for uttale. Vedtaket er gjort med heimel i Forvaltningslova §§ 37 og 41, jf. pbl § 19-1.>>

Dette vedtaket kan etter pbl § 1–9 påklagast innan 3 veker etter at ein har motteke melding om vedtaket, jf. forvaltningslova § 28.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Anne-Lise Næs Olsen
plankonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Forsvarsbygg	Postboks 405	0103	OSLO
Advokat Firma Ahlgrenkreutz			
Fylkesmannen i Hordaland	Postb. 7310	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune	P.b. 7900	5020	BERGEN
Kystverket	P.b. 1502	6025	ÅLESUND

Mottakere:

Blom Fiskeoppdrett AS	Ulvøy	5337	RONG
-----------------------	-------	------	------